

Patrick Wohlgemuth
Skarsvegen 313
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2388 - 21/64870

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2021

Orientering frå synfaring - gbnr. 145/37 Fosse indre

To representantar frå Alver kommune gjennomførte ei varsla synfaring med eigar av gbnr. 145/37, adresse Skarsvegen 131, 5911 Alversund, den 23.09.2021 kl. 10:00.

Synfaringa blei gjennomført på grunnlag av melding som vi hadde motteke frå Norva24 AS den 11.03.2021 om at det ved tømning den 10.03.2021 vart registrert at avløpsordninga ikkje var av tilfredsstillande stand, då det ikkje var tilgang til septiktanken på eigedommen. Det blei rapportert om at kloakken går rett i sjø. I følgje Alver kommune sine opplysninger motteken frå Norva24 AS gjeldt dette også for gbnr. 145/11, Skarsvegen 301, og for gbnr. 145/65, Skarsvegen 311 A og B. Brevet blir difor sendt til grunneigarane av desse to gårds- og bruksnumrene, og.

Under synfaringa informerte eigar av gbnr. 145/37 om at avløpet truleg går direkte til sjø i røyr som truleg ligg under garasjen.

I tillegg blei vi informert om at fylkesvegen (FV5476), Skarsvegen, skal utbetrast og utvidast frå Kvamsbrekko, sjå vedlagte lenke til:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/vegprosjekt-i-vestland/fv.-5476-kvamsbrekko/>

I følgje informasjonen som ligg på Vestland fylkeskommune si nettside, skal arbeidet med utviding av vegen ta til i perioden november-desember 2021. Vestland fylkeskommune vil i nær framtid setje i gang arbeidet med utbetring av fylkesvegen. Dette arbeidet stoppar imidlertid opp ved avkøyrse inn til gbnr. 144/17, sjå vedlagte kartskisse.



Det kom fram forslag på synfaringa om at dei tre grunneigarane som pr. i dag ikkje har ei godkjend avløpsordning, vil kunne rette det ulovlege tilhøve som den eksisterande avløpsordninga er, ved å investere i ein felles septiktank.

Vi oppmodar dykk med dette å finne ei felles avløpsløsning som vil vere godkjent løsnig i Alver kommune.

Norva24 AS er informert om det ovannemnde og har utsett tømning til perioden juni-september 2024.

Frist for å gjennomføre dette arbeidet vert satt til seinast **30.09.2022**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Hilde Pollen Nygård
Bjørn Dalsgård Nygård
Patrick Wohlgemuth
Svein Jarle Helgesen

Skarsvegen 311 A
Skarsvegen 311 A
Skarsvegen 313
Skarsvegen 301

5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND